

Region Nordhordland - oppsummering og prioritering av søknadar om skjønsmidlar 2018

Godkjent av Regionrådet i Nordhordland / rådmannsutvalet 16. mars 2018

| Prosjekt | Varigheit | Søkjarkommune | Pri. | Krit. FM | Søkt om | Regionråd tilrår | Merknad. |
|---|-------------|---------------|------|----------|-----------|------------------|---|
| Samarbeid for planlegging, innføring og bruk av velferdsteknologi i seks kommunar i Nordhordland. | 2016-19 | Masfjorden | 1 | 1 | 890 000 | 750 000 | Alle samarbeidskommunane skal vere på nasjonal standard innan velferdsteknologi i løpet av 2020, jf. målet til helsedirektoratet. Bruk av velferdsteknologi skal vere ein del av dei heilskaplege tenestene i samarbeidskommunane sine helse- og omsorgstenester. Prosjektet er tenkt gjennomført med prosjektleiar i 100% stilling, som skal samarbeide med eit nettverk (arbeidsgruppe) med tilsette frå alle samarbeidskommunane. |
| Samordning av velferdsteknologi for kommunane Radøy, Meland og Lindås | 2017-19 | Meland | 1 | 1 | 800 000 | 750 000 | Hovudmål: I 2020 er velferdsteknologi ein naturleg del av tenestetilbodet i Alver kommune. Innbygarane skal få etablerte og velfungerande velferdsteknologitenester uavhengig av alder, funksjonsnedsetting og bumiljø. Meland og Radøy får gå inn på like vilkår som Lindås vedr kontrakt med Atea AS på velferdsteknologiske løysingar. Felles opplæring på bruk av utstyr. Lindås skal bidra med sine erfaringar frå Lindåsprosjektet" i felles ressursgrupper, opplæringsplanar, workshops, arbeidsgrupper og prosjektleiing. Utarbeide felles kriterie for tildeling av tenester. Utvikle felles responsentertenester. |
| Utarbeiding av strategiplan for Nordhordland Biosfæreområde. | 2018 | Osterøy | 1 | 3 | 300 000 | 300 000 | Alle kommunane i Nordhordland har slutta seg til at regionen sender søknad om å bli anerkjent som eit UNESCO modellområde for berekraftig utvikling. Det er eit krav frå UNESCO at ein utarbeidar ein strategiplan som grunnlag for arbeidet som skal gjerast og korleis biosfæreområdet skal fungere etter at det har blitt godkjend. Vi søker om støtte til ein god prosess for å få dette på plass. Skal dette bli ein suksess og ein plan regionen har eigarskap til, må ein sikre engasjement og brei involvering. Dette vil nok bety at prosessen må leggje til rette for møter og arbeid i kvar og ein av kommunane og at næringsliv, lag/organisasjonar og interessentar elles deltek inn på line med politisk og administrativt nivå i kommunane. Prosjektperiode vil vere fram til juni 2019. |
| Utgreiing av IKT-driftsamarbeid i Hordaland | 2018 | Osterøy | 2 | 5 | 1 700 000 | 1 700 000 | Samarbeidsprosjekt mellom fleire kommunar i fylket. Eit viktig bidrag til ei rask og effektiv utvikling av digitale tenester i kommunane vil vera å få etablert eit IKT drifts- og tenestesamarbeid mellom fleire kommunar i fylket. Kommunane har ansvar for å bygga ein solid grunnmur for framtida sitt digitale hus. Grunnmuren er omfattar infrastruktur, drift, driftsstøtte og forvaltning av IKT-tenester. Samarbeid om dette vil understøtta og komplementera digitaliseringssamarbeidet som er under etablering. |
| Samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune. (Beredskapsplanlegging ny kommune (Radøy, Lindås og Meland) | 2017 - 2018 | Lindås | 3 | 2 | 500 000 | 350 000 | Kommunane Meland, Radøy og Lindås skal slå seg saman til Alver kommune frå 01.01.2020. Intensjonsavtalen og styringsdokumentet for fellesnemnda legg grunnlaget og rammene for å bygge ein ny kommune. Samfunnstryggleik og beredskap er svært viktig område der Alver kommune må ha på plass eit system innan 01.01.2020. I 2017 starta kommunane eit forprosjekt for å kartlegge status på samfunnstryggleik og beredskap i alle kommunane. Dette prosjektet fekk kr 300.000 i skjønsmidlar frå Fylkesmannen. Forprosjektet blei avslutta i februar 2018 og konklusjonen var mellom anna at det er behov for å utarbeide ei felles overordna ROS-analyse for Alver kommune. ROS-analyse vil danne grunnlaget for heile systemet med samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune. |

| | | | | | | | |
|--|------|-----------|---|---|------------------|------------------|---|
| Planarbeid mot Alver kommune | 2018 | Lindås | 3 | 4 | 400 000 | 300 000 | Kommunane Meland, Radøy og Lindås skal slå seg saman til Alver kommune frå 01.01.2020, og intensjonsavtalen dannar rammene for korleis den nye kommunen skal utvikle seg. Arbeidet med samanslåinga har starta, og mål og rammer for sjølvne samanslåingsprosessane blir styrt gjennom eit styringsdokument, vedtatt av fellesnemnda. Det kommunale plansystemet er heilt sentralt for styring og prioritering i kommunal verksemd, og Alver kommune skal bygge opp eit heilt nytt plansystem. Visjonar, mål og prinsipp som ligg i intensjonsavtalen er eit viktig grunnlag for plansystemet og politikken i Alver kommune. Mange av planane i dagens kommunar vil også vere gjeldande inn i Alver kommune, men det er viktig å starte arbeidet med å bygge det nye plansystemet og få på plass grunnlaget for ein planstrategi og kommuneplan for Alver kommune. For å sikre best mulig grunnlag for planarbeid og planprioritering inn i Alver kommune, ønskjer Lindås, Meland og Radøy å starte forprosjektet «Planarbeid mot Alver kommune. Prosjektet skal kartlegge planar i dei tre kommunane og koordinere det planarbeidet som skjer fram mot 2020. I tillegg skal prosjektet levere forslag til planstrategi og planprogram for samfunnsdelen i Alver kommune. |
| Utgreiing - samarbeid om tenester i kommunar som ikkje har vedtatt samanslåing. | 2018 | Austrheim | 3 | 5 | 300 000 | 300 000 | Kommunesektoren er i sterk omstilling med utfordringar knytte til økonomi, innsparing av kostnader, rekruttering av relevant fagkompetanse og målsetjing om å effektivisera drifta. Kommunane i Region Nordhordland minus Alverkommunane ynskjer å utgreia kva konkrete og formelle tenesteområde kommunane kan samarbeida om for å bidra til effektivt tenestesamarbeid - og med mål om organisera tenestene slik at ein kan utvikla og modernisera kommunesektoren. |
| Heilskaplege og Koordinerte Tenester – eit overordna og forpliktande rammeverk for samarbeid og samhandling. | 2018 | Lindås | 4 | 1 | 350 000 | 250 000 | Heilskaplege og Koordinerte Tenester. Utarbeida eit overordna rammeverk som gir føringar for og understøttar, likeverdig samarbeid mellom pasientar, pårørande og relevante aktørar i kommune og spesialisthelsetenesta. Må er å systematisera kunnskapsgrunnlag ved hjelp av forløpsfasemodell (jf. Psykoseforløpet), gjennomføra analyse og utforma forslag til nye arbeidsmåtar for brukara/pasientar i målgruppa, utforma plan for og bidra til gjennomføring og evaluering av pilot og bidra til implementering. |
| Total sum frå Regionen | | | | | 5 240 000 | 4 700 000 | |

Søknadssum er justert i forhold det Regionen trur vil kunne vera realistisk i forhold til pro rata tildeling og erfaringar frå tidlegare. Ein vektlegg også at prosjekt vil kunne gå over fleire år, og at dei derfor også søker neste år.

Fylkesmannen sine kriterier.

1. Støtte til lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidretta og gode omsorgstenester.
2. Samfunnstryggleik og beredskap.
3. Tiltak innan miljø- og landbruksområdet, klimatilpassing og tiltak for å redusera klimagassutslipp, t.d.: Planlegging av infrastrukturelle skogbrukstiltak mot ras, flaum og storm, tiltak etter vassforskrifta og planlegging av biogassanlegg som del av interkommunal avfallshandtering i samarbeid med landbruket.
4. Interkommunalt planarbeid: Iinterkommunalt planarbeid i kommunar som skal slå seg saman, prosjekt om kommunale planverktøy / GIS, oppdrett / akvakultur, om massedeponi.
5. Samarbeidsprosjekt av større omfang innanfor IKT og digitalisering som bidreg til at alle kommunane (fylkesnivå/regionnivå) får tilgang til felles kompetanse- og teknologiplattformar.
6. Interkommunale utviklingsprosjekt som bidreg til effektivt tenestesamarbeid i regionar/ område der det har oppstått uføresette endringar som følge av kommunereforma.

Satsingsområde

Kommunesamarbeid, bruk av ny teknologi og meir føremålstenleg organisering av arbeidet er tiltak som kan bidra til å utvikla og modernisera kommunesektoren i fylket.

prosessar innan og mellom kommunar for å utvikla tenestetilbodet og få betre økonomi i drifta.

Samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar

Større nedslagsfelt og betre læringseffekt

Gje kommunane høve til å prøva ut nye løysingar på utfordringane sine. Prosjekta kan omfatta alle tenesteområda i kommunen

Ikkje tilskot til utføring av kommunale drifts- og investeringsoppgåver, eller prosjekt som er ein del av det ordinære kommunale utviklingsarbeidet.

Ikkje støtte til reine næringsutviklingsprosjekt eller til interne strukturelle omorganiseringar.

Region Nordhordland - oppsummering og prioritering av søknadar om skjønsmidlar 2015

Godkjent i Regionrådet, 13. mars 2015

| Prosjekt | Varighet | Søkjarkommune | Pri. | Krit. FM | Eigenandel | Søkt om | Tilrår sum | Merknad. |
|--|-----------|---------------|------|----------|------------|------------------|------------------|--|
| Interkommunalt samarbeid for utvikling av framtidsetta og gode helse- og omsorgstenester i Nordhordland døgntbasert rehabilitering / psykisk helse / rusbarn og unge | 2015 | Lindås/NUI | 1 | 2 | 800 000 | 800 000 | 800 000 | Felles prosjekt gjennom NUI. Viktig samarbeidsprosjekt i Regionen som alle kommunane har slutta seg til. |
| Kommunereforma | 2015 | Radøy/NUI | 2 | * | 568 000 | 800 000 | 800 000 | Felles prosjekt gjennom NUI. Kr 100 000 pr. kommune |
| Ta vare på matjord | 2015 | Meland / NUI | 3 | 5 | 300 000 | 300 000 | 300 000 | Felles prosjekt gjennom NUI. Fylkesmannen har oppmoda kommunane i RN om å søkja skjønsmidlar. |
| Forprosjekt for å avhjelpa barnefattigdom | 2015 | Osterøy | 4 | 1 | 100 000 | 100 000 | 100 000 | Eigenandel 100 000 |
| Kartlegging av friluftsområde i Radøy, Austrheim og Meland kommunar | 2015 | Radøy | 5 | 2 | 175 000 | 180 000 | 180 000 | Saman med Austrheim og Meland. Folkehelseprosjekt. Søkjer og fylkeskommunen om kr. 180 000 |
| By og tettstadutvikling | 2015-2016 | Meland | 6 | 3 | 1 100 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | Meland og Lindås. Viktig prosjekt i forhold til utvikling av aksene Frekhaug - Knarvik og busetning og utvikling av Fløyområdet sør i regionen. |
| Strandpromenade Årsvågen, trinn 1 | 2015 | Austrheim | 6 | 3 | 1 000 000 | 520 000 | 70 000 | Søknad om støtte til finansiering til prosjektering og strandpromenade 1. Ein kommune. Dette er ikkje innovasjonsprosjekt. Skjønsmidlar vert ikkje gitt til fysiske tiltak / drift og investering. |
| Områdeplan Knarvik, delprosjekt gatebruksplan og lysplan. | 2015 | Lindås | 6 | 3 | | 442 000 | 442 000 | Oppfølgingstiltak Områdeplan Knarvik |
| Områdeplan Knarvik, delprosjekt miljøfagleg utgreiing. | 2015 | Lindås | 6 | 3 | | 216 000 | 216 000 | Oppfølgingstiltak Områdeplan Knarvik |
| Total sum frå Regionen | | | | | | 4 358 000 | 3 908 000 | |

Andre

| | | | | | | | | |
|--------------------------|--|---------|--|------|--|-----------|--|---|
| Klimaservice i Hordaland | | Osterøy | | 4, 5 | | 1 500 000 | | Søkt om 1 500 000. Søknad er vanskeleg å ta stilling til i Regionrådet. Søknaden er positiv og viktig, men den omfattar andre kommunar i Hordaland. FMHO må derfor vurdere søknaden i ein større samanheng. |
|--------------------------|--|---------|--|------|--|-----------|--|---|

Søknadssum er justert ned i forhold det Regionen trur vil kunne vera realistisk i forhold til pro rata tildeling og erfaringar frå tidlegare. Ein vektlegg også at prosjekt vil kunne gå over fleire år, og at dei derfor også søkjer neste år.

Fylkesmannen sine kriterier.

1. Barn og unge - kommunane sitt arbeid mot barnefattigdom
2. Støtte til lokale / interkommunale tiltak for utvikling av framtidsetta og gode omsorgstenester
3. By- og tettstadsutvikling
4. Beredskap og samfunnstryggleik
5. Tiltak innan miljø- og landbruksområdet, klimatilpassing og tiltak for å redusere klimagassutslapp

Satsingsområde

Kommunesamarbeid, bruk av ny teknologi og meir føremålstenleg organisering av arbeidet er tiltak som kan bidra til å utvikla og modernisera kommunesektoren i fylket.

prosessar innan og mellom kommunar for å utvikla tenestetilbodet og få betre økonomi i drifta.

Samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar

Større nedslagsfelt og betre læringseffekt

Gje kommunane høve til å prøva ut nye løysingar på utfordringane sine. Prosjekta kan omfatta alle tenestoområda i kommunen

Ikkje tilskot til utføring av kommunale drifts- og investeringsoppgåver, eller prosjekt som er ein del av det ordinære kommunale utviklingsarbeidet.

Ikkje støtte til reine næringsutviklingsprosjekt eller til interne strukturelle omorganiseringar.